

No kjem skatten!

Skatteoppgjær for inntektsåret 2006 for dei som er med på juniutlegget (PSA) vert utsendt 22. juni.

1 672 skattytarar får tilbakebetalt til saman 13,1 millionar kroner. Av desse er det 9 skattytarar som får til gode over 50 000 kroner.

364 skattytarar skal betale restskatt på til saman 2,4 millionar kroner. Av desse er det 3 skattytarar som må betale over 50 000 kroner.

Skattytarar med beløp til gode vil få dette utbetalt i veke 26.

Restskatt under 1 000 kroner forfell til betaling 20. august. Dersom restskatten er over 1 000 kroner, vert 1. termin å betale innan 20. august, og 2. termin innan 24. september 2007. Innbetalingsblankettane vert sendt ut i slutten av juli. Det er likevel høve til å betale no. Beløpet kan betalast til Skatteoppkrevjaren i Skodje, bankkonto 6345.06.15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer. KID-nummer kan du lage på www.skatteetaten.no. Husk å velje 2006 som skatteår.

Likningskontoret kan svare på spørsmål som gjeld likninga. Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga.

Skattelister vil fyrst verte lagt ut til hausten og vil då omfatte alle skattytarar.

Skodje kommune
ønskjer alle
**God
sommar!**

Gratis levering av avfall til Bingsa avfallsplass

Skodje kommune har inngått avtale med Ålesund kommune om levering av avfall til Bingsa avfallsplass.

Innbyggjarane i Skodje kommune kan levere avfall til Bingsa avfallsplass.

Opningstider:

Måndag, tysdag, onsdag og fredag: kl. 07.50 - 15.00

Torsdag kl. 07.50 - 18.00 (Torsdag ettermiddag kan det vere kø)

Laurdag kl. 08.30 - 13.00

Eksempel på avfall:

Kasserte møblar og anna inventar, kjøleskap, frysarar, komfyrar, behandla trevirke, plastprodukt, PCB-haldige isolerglasruter, jern- og metallgjenstandar, trykkimpregnerte materialar etc.

Mengdene er avgrensa til det som kan leverast

av vanleg personbil med og utan tilhengar, og varebil til og med klasse B.


Avfallet skal leverast på den betjente miljøstasjonen og eigensortert i container og / eller på anviste plassar.

Levering kan skje utan direkte betaling, men den som leverer må kvittere med namn og adresse. Skodje kommune får faktura ein gong pr måned.

Ein vil minne om at EE-avfall kan leverast gratis hos forhandlar av same type produkt som skal kasserast.

Dette tilbodet er i tillegg til den årlege lofts- og kjellarryddinga.

For meir informasjon, ta kontakt med teknisk avdeling v/ Magnar Kvalvik, tlf. 70 24 40 43 / 915 37277.



Ny landbrukssjef

Beate Hundnes tek til i stillinga som landbrukssjef / kontorleiar ved Ørskog interkommunale landbrukskontor 1. juli 2007. Ho får arbeidsplass på rådhuset i Ørskog kommune.

Ho har fullført utdanning ved Norges Landbrukshøgskule (NLH) i 1997 og har fleire års arbeidserfaring innanfor landbruksforvaltninga, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Sommarstengt bibliotek

Skodje folkebibliotek har stengt i sommar.

Siste opningsdag før ferien: **torsdag 28. juni.**

Første opningsdag etter ferien: **måndag 6. august.**

Fargeskrinet

Prestemarka Produkt - Fargeskrinet har stort utval i vevde golvtepper. Vi vever på bestilling, også til campingvogna. Ta mål, og ta deg ein tur, da vel!

Opningstider:

Måndag - fredag kl. 8.00 - 15.30

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 8. september. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 29. august.

Overgang frå sekkerrenovasjon til dunk

Skodje kommunestyre vedtok i sak 13/07 overgang til dunk (to-dunk-systemet) i staden for sekkar.

Som vi skreiv i siste Kommunenytt vert det éin dunk for hushaldsavfall og éin dunk for papir. Dunkane for hushaldsavfall og papir vert skilt med forskjellige fargar på lokk: **Blått** lokk for papir og **grått** lokk for hushaldsavfall. Dei som har avtale om kompost, eller redusert avgift (**levering kvar 14. dag**) får **raudt** lokk på dunken for hushaldsavfall. Det raudde lokket vert utlevert seinare.

Det vert ikkje endringar i innsamlingsdagane for hushaldsavfall eller papir. Dunkane skal

setjast fram til vegkant slik som ein har gjort med sekkane, avstand 0 - 3 m frå vegkant.

Dunkane er Skodje kommune sin eigedom. Reinhold av dunkane er abonnenten sitt ansvar. Tips frå renovatøren: Dunkane må stå så plant som mogleg, så dei ikkje veltar. Er det avvik i utleveringa - feil antall e.l. - ber vi om at ein tek kontakt med teknisk avdeling.

Det er óg mogleg å få større dunk om ein ønskjer, mot eit større årsgebyr.

Dunkane kan takast i bruk frå utleveringsdagen. I Skodje sentrum og Valle blir ikkje dunkane levert før i slutten av juli. Det er utlevert sekkar (plast og papir) som skal vare til 1. august.



Dette skjer

30 års- jubileum for Skodje Pensjonistlag

Skodje Pensjonistlag feirar 30 års-jubileum på Skodje omsorgssenter torsdag 6. september kl. 15.00. Påmelding.

Skodje Pensjonistlag - møteplan

Møteplan for Skodje Pensjonistlag for hausten 2007 og våren 2008:

HAUSTEN 2007:

Torsdag 6. september:
30 års-jubileum i Skodje Pensjonistlag på Skodje omsorgssenter kl. 15.00.

Laurdag 29. september:
Fellestilstelling for eldre av eldrerådet, pensjonistlaget og Røde Kors besøksteneste på omsorgssenteret kl. 15.00

Torsdag 25. oktober: Møte.

Torsdag 29. november: Møte.

Fredag 14. desember:
Juletilstelling på Toscana (tidlegare Kroa) frå kl. 17.00 til kl. 20.00. Pris kr. 200,-.
Påmelding

VÅREN 2008:

Torsdag 31. januar: Møte

Torsdag 28. februar: Årsmøte

Torsdag 27. mars: Møte

Torsdag 24. april: Møte

Torsdag 29. mai: Møte

Møta vert haldne på Skodje bedehus kl. 17.00 om ikkje anna er bestemt.

Vi ønskjer gamle og nye medlemmer hjarteleg velkomne
For styret

Solveig Kari Valde
-leiar-

"Kommunenyt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no